

12.-15.MAI: TEMARETREAT «GUDSFRYKTENS KRAFT»

Under denne retreaten vil vi tørke støv av det gamle ordet gudsfrykt. Å frykte Herren er den ideelle livshaldning ifølge Bibelen, noko vi sjeldan snakkar om i menigheten i dag.

Temarefleksjonane under retreaten vil ha særleg fokus på gudsfrykta som vegen til fortruleg fellesskap med Gud, til vekst og modning i livet med ham, til glede i trua, og til åndeleg kraft.

«Å frykta Herren er opphav til visdom, å ha den kunnskap dei heilage har, er forstand.»

«Herren talar fortruleg med dei som fryktar han, han gjer dei kjende med si pakt.»

(Ordsp.9,10 og Sal 25,14)

Kva er retreat? Retreat handlar om å trekkje seg tilbake, bruke tid i stillhet for å bli betre kjent med seg sjølv og Gud. Få hjelp til å vandre med kvilepuls. Tid til å være stille og be. Faste samlingar i kapellet. Bibelmeditasjon. Stille måltid med musikk.

Dette blir ein delvis taus retreat med *impulsar* gjennom helga, retreat-rytme med faste samlingar og høve for samtale med vegleiar. Impulsane leiest av Geir Otto Holmås.

Vi startar med kveldsmat torsdag kl. 19.00 og avsluttar søndag etter lunsj (ca kl. 14).

Geir Otto Holmås er teolog og jobbar dels som freelance forkynnar, forfattar, retreatleier og vegleier, dels ved NLA Høgskolen i Oslo. Han er gift og har tre døtrer og bur på Jeløya i Moss. Geir Otto har blant anna skreve boka «*Ved en korsvei. Åpent brev til mine karismatiske venner.*» Han har eit djuptfølt engasjement for å skjelne sunn og usunn kristendom så evangeliet blir kjelda til liv og teneste.